

Frekhaug 23.06.22

Til Alver Kommune

Plan bygg og eigedom

Spørsmål vi ønsker å få svar på vedr. førehandskonferanse.

Me ønskjer med denne førehandskonferansen og få svar på spørsmål vedr. div. tiltak i Mjåtveitstø.

HKH Bygg og Eigedom AS har seld eigedomane 322/261 og 262 og skal ihht. salskontrakt utføre grunnarbeid inkl. utvendige murer på eigedomane. Eigedomane 322/262 og 261 er godkjend frådelt for oppføring av bustader. For 322/262 har det tidlegare vore sendt inn søknad om rammeløyve for grunnarbeid og oppføring av murer. Her har det vore ueinigheit om kravet til søknad om fritak for reguleringsplan. Søknad blei avvist, fordi det ikkje har kome inn nye opplysningar.

Me ønskjer også å få avklart moglegheit til å endre på avkjørsle til eigedomane Mjåtveitstø 33 A, 33 B og 35. Utsnitt under frå plankart Områdeplan Dalstø -Mjåtveitstø viser at avkjørsle til desse eigedomane skal være åtskild frå framtidig gangveg. Det er også ein konflikt med ny eigar av 322/46 som gjer at me ønskjer å gjennomføra denne endringa snarast. Deler av innkjørsel som også ligg på 322/46 (tidlegare 322/29) har blitt grave opp og delvis sperra for bruk til eigedomane. Dette gjer tilkomst vanskeleg for bebuarane og større køyretøy har ikkje tilkomst. Det er tinglyst vegrett til eigedomane over 322/46 (tidlegare 322/29).


Endra avkjørsle ønsker me kun skal liggja på 322/95, da HKH Bygg og Eigedom er eigar av denne parsellen, og me vil da unngå framtidige konfliktrar. Samstundes vil dette også være i tråd med områdeplan under arbeid.

I forbindelse med ny avkjørsle må eksisterande avlaup flyttast og det vil bli kopla inn på avlaupsleidning til bustadane på GBNR 322/13. Her er det tilrettelagd for dette og me har munnleg godkjenning frå eigar.

Me ønskjer å få avklare søknadspliktige forhold ved desse sakene:

- Grunnarbeid og oppføring av murer på Gnr. 322 Bnr. 261 og 262.
- Opparbeiding av veg over 322/95, 52 og 61 til eigedomane 322/261, 262. Deler av vegen blir omgjort til gangveg når ny veg ihht. plankart for Områdeplan Dalstø - Mjåtveitstø er ferdig.
- Endring av innkjørsel og avlaup til Mjåtveitstø 33 A m/fleire. Vi ønskjer også å få avklart vegrettar knytt til tidlegare Gnr. 322 Bnr. 29 (no 322/46).

Konfliktnivået i området er for tida høgt. Me ønskjer difor ein snarleg førehandskonferanse og seinast innanfor 14-dagers fristen.



For

HKH Bygg og Eigedom AS

.....Knut Henanger.....